

Høyanger Kulturskule



Tilbod 2017/2018
Søknadsfrist: 16. juni –
etter dette løpande opptak

Velkommen til Høyanger Kulturskule

Høyanger kulturskule skal gje eit variert tilbod til barn og unge i Høyanger kommune. Tilbodet skal femne om fleire kunstnarlege uttrykk, men musikkopplæringa har pr. idag flest elevar.

Tilbodet er eit lovfesta kommunalt tilbod, og frå sentralt hald er det gitt sterke signal om at kulturskulen skal vere eit lokalt kompetansesenter innan estetiske fag rundt i kommunane. Kulturskulane i Norge har som mål «kulturskule for alle». Dette innebærer at undervisninga i kulturskulen er tilpassa den enkelte, og den enkelte skal få utvikle seg vidare ut ifrå sine forutsetningar og ønskjer. Born og unge er prioritert, men vaksen kan og søkje.

Hausten 2017 vil kulturskulen starte kursing av instruktørar til Danseverkstaden, som vi reknar med vil gje eitt tilbod til elevar våren 2018. Dette ser vi veldig fram til og gler oss over å samarbeide med tidlegare instruktørar i dette arbeidet. Kulturskulen er i stadig utvikling og søker samarbeid med lokale ressursar der dette er mogeleg, for å gi eitt breiast mogeleg tilbod. I 2018 har vi 40 års jubileum, og det må markerast! ☺

Kulturskulen har fleire spennande prosjekt i samarbeid med grunnskulen og lokale skulekorps. Kulturskulen bidreg med dirigent- og instruktørtenester til det frivillige musikklivet i kommunen.

Søknadfrist: hovudopptaket er 15. juni, men du må gjerne søkje heile året. Minner om at ein kan nytte seg av elektronisk søknadsskjema for elevplass i kulturskulen. Velkomen som søker!

Har du spørsmål kan du ta kontakt med kulturskulerektor.
Kulturskulerektor



Foto: Jason Burn

VILKÅR:

- Hovudopptak vert gjennomført før juli kvart år.
- Søklarar som ikkje får plass ved hovudopptaket vert sett på venteliste.
- Søklarar på venteliste får tilbod om plass når det vert ledige plassar. Prioritering skjer etter ansiennitet på ventelista og alder.
- Har du tatt imot ein elevplass har du bunde deg for eit halvår om gongen.
- Utmelding må skje skriftleg med frist 1. desember for vårsemesteret og 1. juni for haustsemesteret.
- Kulturskulen følgjer skuleruta for grunnskulen.

Sjå fullstendig elevreglement for kulturskulen på heimesida til Høyanger kommune.

STØRRE HENDINGAR GJENNOM ÅRET:

Desember – utstilling og juleframsyning
Februar – UKM (Ungdommens Kulturmønstring)
Mars – utstilling og konsertar/framsyning
I tillegg kjem huskonsertar i bibliotek, barnehagar og på sjukeheimar/omsorgsboligar.

SKULEPENGAR PR. HALVÅR:

Instrumentalundervisning/ visuelle kunstfag (tom fylte 18 år)	kr 1 200,-
Instrumentalundervisning (fom fylte 19 år)	kr 1 500,-
Moderne dans	kr 600,-
Materiellkostander, vis. kunstfag	kr 600,-
Søskenmoderasjon: fom 2.born	15 %
2 eller fleire born	25 %

Undervisning i to fullpris aktivitetar gir moderasjon etter same modell som søksenmoderasjon.



Foto: Marja B. Petersen

Undervisningstilbud

Visuelle kunstoffag

Er eitt tilbod til barn og unge som er glade i å skape noko med/i ulike materiale. Elevane held to utstillingar i året ein til jul og ein til sommaren. Kulturskulen har tilbod ved Høyanger Skule og Vadheim Skule, på måndagar og onsdagar inneverande år. Kulturskulen arbeider med å vidareføre animasjons-tilbod for 8.-10.klasse.

Følg med, følg med!

Dansetilbodet

Kulturskulen tar sikte på å starte oppatt tilbodet med dans for 4.-7.klasse i Høyanger og i Vadheim våren 2018.

Tilbodet er ope for alle, og ved behov kan vi organisere fellestransport og bruke av kommunens tildelte transportmidlar, då betalar elevane ein symbolsk bill.pris for kvar gong. Dette kjem i tillegg til elevbetaling.

Musikk

Kulturskulen gir tilbod om instrumentalundervisning i: Fløyte, klarinett, saksofon, kornett, althorn, baryton, trombone, tuba, slagverk, blokkfløyte, piano og gitar.

I tillegg gir kulturskulen tilbod om band og musikalsk forsmak (førebuande musikkoppl. tilbod i Vadheim, Kyrkjebø og Høyanger).

I hovudsak har undervisningsdagane vore Måndag i Bjordal og Høyanger, Tysdag i Lavik og Høyanger, Onsdag på Kyrkjebø og i Vadheim og Torsdag i Vadheim og Høyanger. Her kan det bli endringar frå skuleåret 2017/2018.

I musikk vektlegg vi samspel enten ein har undervisning åleine eller i gruppe. Dette er både lærerrikt og spennande. Derfor vil ein i periodar av året øve inn stykker saman for framføring. Gjennom året vil det også vere kammerkonsertar ved mindre arenaer som for eksempel i omsorgsbustadane i Høyanger, ved sjukeheimane eller biblioteket.

Formidlingssituasjonen er ein viktig del av undervisninga, enten ein spelar, dansar eller teiknar – å bli trygg på å opptre framfor ei større eller mindre forsamling. Dette er kjekt og spennande. Samstundes lærer elevane å vere publikum for kvarandre.

Generelt:

- Kulturskulen følgjer skuleråret og tilbyr inntil 38 undervisningsveker per år.
- Kulturskulen kan avlyse 3 undervisningsdagar per elev og halvår.

Lærarstaben er:

Ny lærar (klarinet, saksofon, piano, musikkterapi, prosjekt i grunnskulen)
Sjoerd Tolsma (messinginstrument, slagverk, piano, dirigent, prosjekt i grunnskulen)
Beate Kjølstad (kulturskulerektor, fløyte, musikalsk forsmak, prosjekt i grunnskulen)
Vilde Jensen Hjetland og Monika Stusdal Sagen (lærarar i visuelle kunstoffag)
I tillegg kjem timelærarar innan gitar, band, korpsdireksjon, visuelle kunstoffag og dans.



Eg vil vere med! Her kjem søknad om plass i kulturskulen:

Namn: _____
Fødselsdato: _____
Skule: _____
Klasse (17/18): _____

Ønskjer undervisning i: (prioritert rekkefølge 1,2,3 osv.)

Musikk:

Musikalsk forsmak Fløyte Kornett/trompet Trombone
 Piano Klarinett Althorn Tuba
 Saksofon Baryton Slagverk Gitar
 Song Kor Blokkfløyte Band

Rekninga skal sendast til _____ (gjeld elevar gjennom korps)

Andre tilbod:

Visuelle kunstfag Moderne dans

Reservasjon mot å bli
tatt bilde av

Personnr. til betalar: _____

Namn føresette: _____

Adresse: _____

Postnr./-stad: _____

Tlf arbeid: _____

Tlf privat: _____

Tlf mobil: _____

E-postadr.: _____

Søsken som alt er elevar i kulturskulen: _____

Ønskjer undervisning ved _____ skule.

Eg er kjend med reglementet slik det framgår av brosjyren.

Dato

Underskrift (av føresette dersom du er under 18 år)

Søknadsfrist: 16. juni 2017

Du kan òg søkje opptak elektronisk via kommunen si heimeside:

www.hoyanger.kommune.no